

Kirkerud med Flokeli (gnr. 159)

Kirkerud: Gardnamn som tydeleg fortel om fordoms samliv med kyrkja.
 Flokeli: Namn der førsteleden er floke, noko som har med ein vanske å gjera.

I skrivne kjelder finn vi gardsbruket Kirkerud først nemnt i året 1612, der det er fortalt at "Anders Skomager" da betalde 3 skilling i førstebyggsel av "kronegods liggende i Kierkerudt nyligen optagen aff vild schoug och marck". I ein resolusjon av 1624 finn ein elles dette fortalt om gardane Tollersrud og Kirkerud: "Tollersrud av formåls tider utlagt til Klokkergård. Grunnen til at klokkeren ikke har tatt den i besiddelse har været at han efter mellem handling har bekommet en annen liten ødegård av Kongens gods, nemlig Kircherud. Herom begjærte Clement Ellingsen tingsvidne".

Av tre år seinare er det fortalt at "Anders Kirkerud slo i hjel sin granne Peder Gustumb, og at Anders, son da er kalla Anders Svenske, "var undveget og rømt". Eit ting i Fåberg valde 15/11 1615 i lagrette til å ordne opp og dømme i denne saka, og det valde vidare som legrettesmenn: Gunner Røinne, Peder Berrig, Rasmus Bollung, Amund Borre, Aksel Fagstad og Peder Nordhovin. Anders vart elles som drapsmann dømd til å bøte heite sit bu til Kongen, og buet utgjorde 9 ½ dlr. og 4 ½ skilling.

I 1621 er brukaren på garden kalla Thrund Kirkerud, og det vidare fram at han svara 3 skinn i landskyld og bygselpengar. Sju år seinare er det i 1628 fortalt at Anders Søffrensen var klokker i Fåberg og at "Ødegrd. Kierkerud" var utlagt til degnebolig. I manntalet for Kvegskatten 1657 er det oppgitt at buskapen hos Samuel Kiercherud i den tid utgjorde: 2 hopper, 9 naut, 6 sauer og 1 gris. I Mannkjønnsmanntalet 1665 er det vidare fortalt at med farsnamn heitte brukaren Samuel Anderssen, og han var da 34 år. Dessutan var det da på garden ein tenestkar av namn Søren Andersen og ein husmann som er kalla "Hans Jyde" og var 50 år. Husmannen hadde elles ein son, Hans Hansen, som da var 14 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Kiercherud oppgitt at landskylda av garden framleis var 3 skinn, men den kunne og svarast med 1 pund 8 merker smør. Brukar på garden var framleis "Sammuell", men han hadde da kjøpt garden og var jordeigande bonde. Vidare er det om Kiercherud fortalt at "Engen er Ringe, Kand och ej vidare forbedris". Men det var skog til brenneved og ein liten humlehage, som det ofte var på dei gardsbruk som hadde hørt kyrkja eller prestebolet til. Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 6 naut, og korntiende vart utreidd med 1 ¼ tønne, som altså svara til ei årsavling på 12-13 tønner. Det er vidare fortalt at Kirkerud alt da hadde seter og sommarbeite for krøtera på "Støelen Setter".

Frå denne tid er elles ei sak som her er av store interesse, og som etter utskrift av tingboka er referert slik:

"Flåkelien i Fåberg.

Mellem i Fåberg 6. novb. 1671.

Fogden Christen Hansen Smidt har innstevnt Niels Jacobsen borger i Chr.a. ang. 1 hud jord, nemlig Flackelien her i Fåberg, som ikke skal være angitt i Kongens jordebok."

Saken utsattes i 6 uker.

Gustum i Fåberg 18 desb. 1671

Dom (fol. 39 a.): Ifølge fremlagte breve og dokumenter er innstevnte Niels Jacobsen på sin hustrus vegne berettiget til å bruke påstevnte 1 hud i Flakelien. Da jordebøkene viser at dette gods ikke er innført bør det være til Kongen forbrudt. Dersom Niels Jacobsen mener nogen søkning å ha mot sin hustrus medarvingar, kan han dem ved lovlig adferd tiltale."

Etter atter ein liten mannsalder var det i 1695 elles lensmannen Poul Christensen som hadde heimel fra "en ødegaard og engeland, Flochelien, av skyld 1 hud med bøksel". Han gav da skjøte på dette bruket til Nils Christensen Kirkerud. På denne måten var altså bruket Flokelien lagt til Kirkerud og vart brukt saman i ei årrekkje.

Av år 1700 er eit dødsbuskifte etter husfrua Marte Samuelsdotter på garden "Kircherud i Faaberg". Ved dette skiftet var både jordegodset i Kirkerud av skyld 3 skinn og i "Lien Engeland" medregistrert i arvebuet, som dermed utgjorde netto 133 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Niels Kircherud dei to borna i ekteskapet: 1. Samuel, 2. Anne. – ni år seinare var Niels framleis brukar på Kirkerud. Han hadde da fått bevillingsseddel på ei sæterlykkje til 2 lass høy på "Støllen sæter".

Fleire nyare opplysningar kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Kirckerud" fortalt at garden ligg i sollia, at den er lettbrukt, og at jordarten der er god. Husdyrholdet på garden var da 2 hestar, 10 naut og 4 sauer, og den årlege utsæd utgjorde kring 4 tønner bygg og litt rug. Vidare går det fram at Kirkerud hadde eiga bekkevern, men ho vart nytta berre til eiga maling. Det var da skog nok til brenneved og gjerdefang og litt til hustømmer, og den årlege høyavlinga utgjorde kring 20 lass. Niels Christensen var da død, svigersonen Christen Nielsen (Christen Nielsen Ødegården (Kirkerud) Se. Vardal bygdebok side 306) hadde tatt over som eigar og brukar av garden.

Christen Nielsen som da spente i som husbond på Kirkerud, var ein sterk og livskraftig mann som var gift 3 gonger, først med Anne Nielsdr., så med Maren (Mari) Johansdr. og så med Sigrid Biørnsdr., og det var born i alle tre ekteskap tilsm. 8 born. Christen Nielsen si brukartid var og ei framgangsrik tid for garden, og ved dødsbuskiftet etter den kjende husbonden i 1753, var jordegodset Kirckerud taksert for 100 rd., og arvebuet i det heile utgjorde brutto 564 rd. og netto 535 rd. Så å seia samtidig fekk så eldste sonen Niels Christensen søskenskjøte på "Grd. Kircherud med Flaachelien, skyld til sammen 1 hud 3 skind". Av skifte 753 går det elles fram at dottera Sidsel da var gift med Ole Midtjørstad, og at søstera Mari Christensdr. var gift med klokkaren i Fåberg Erich Christopersen Bjørnsgaard. Vidare var i 1753 Samuel Christensen busett i Gausdal.

Niels Kircherud som da tok over som brukar av Kirkerud, hadde i si brukartid fleire rettssaker, som kvar for seg har sitt å fortelja. Av 1756 er såleis ei merkeleg sak som i utskrift av tingboka har denne ordlyden:

"Kirkerud i Fåberg.

16. febr. 1756

Niels Kircherud har innstevnt skoleholder Thomas Bentsen fordi han skal ha oppbrutt et forseglet brev, tilhørende citanten.

Thomas Bentsen fremstod og bekreftet med ed, at det var en avtale mellem ham og Niels Kircherud, inngått for 4 år siden, at den ene skulde bryte den andens brev og besvare dem. Citanten frafalt saken."

Ei anna sak mellom dei same to er i utskrift sålydande:

"Fåberg 18. juni 1756.

Thomas Bentsen skoleholder har til et tingsvidnes erhvervelse innstevnt Niels Christensen Kircherud til å høre om hans begjengelse mot citanten med hugg og slag og beskyldninger i et bryllup på grd. Nordhove.

Vidnerne forklarte at innstevnte ved bryllupet på Nordhove hadde beskyldt citanten for å ha slaktet og solgt en sau tilhørende innstevnte. Derefter hadde innstevnte slått citanten i ansiktet og skjovet ham så han ravet bakover. Citanten begjærte tingsvidnet sluttet."

”Fåberg 4. okt. 1756

Niels Kirkerud møtte og sa at vel har han i drukkenskap i et bryllup på Nordhove uttalt noen nærgående ord imot skoleholderen Thomas Bentsen, som har reist sak mot ham og dermed faktum opplyst, men da Niels Kirkerud ikke ved sig nogen skjel eller føje til sin tale, og ønsker å leve i fred og enighet med skoleholderen, så tar han sine ord tilbake, så at de ikke skal komme skoleholderen til prejudice på hans ærlige navn og rykte.

Thomas Bentsen erklærte sig dermed fornøiet.”

Ei tredje sak og da mellom Niels Kirkerud og foreldra hans er, også etter utskrift, men denne gongen av panteboka, ref. slik:

”Kirkerud med Flaakelien.

Dokument dat. 14. septbr. 1758 tgl. 4. oktober s.å.

Niels Christensen Kirkerud av Fåberg bekjentgjør at da hans foreldre Christen Nielsen og Sigri Bjørnsdtr. oplot for ham deres gaardebruk d. 9. april 1753 forbeholdt de sig føderåd av Kirkerud med Flaakelien, men da de nu er blitt tilsinde å ville flytte fra Kirkerud, så skal sønnen svare dem hvor i sognet de kommer til å opholde sig årlig: 6 td. strit byg, 1 sål god rug, 2 bism.pd. flesk, 1 skjepe salt og 8 merker humle, og i stedet for de kreature som sammen skulle føde for dem, utteller han nu for dem 6 rd. 1 ort. Hvis de vil, kan de få flytte tilbake til gården igjen.”

Etter dette brukte ”Niels Christensen boende på gården Kiercheruud i Fåberg Prestegjeld” garden til i 1770, da han skjøta garden til Ole Olsen Lien, som var trulova med eldste dotter hans, Anne Nielsdtr. på ”hans gaard Kiercheruud av skyld 3 skind med underliggende Flaate Lien av skyld 1 hud, for sum 550 rd.” + føderåd. – I samband med denne handelen lånte så kjøparen, som alt i 1772 er kalla Ole Kirkerud, den sum av 599 rd. mot pant i Kirkerud med Flaakelien, da av skyld 1 hud 4 skinn.

Ole Olsen hadde elles Kirkerud berre i 8 år til i 1783, da han gav skjøte å Kirkerud med underliggende Flaakelien til Larsen Olsen Høglie. I dette skjøtet er elles plassen Moen, Kirkerudmoen, unntatt ved handelen og skulle vera framtidig bustad for seljaren Ole Olsen. Samtidig vart så plassen Moen skyldsett ifrå og skyldlagt il 1 skinn. Kjøpesummen for garden ved danne handelen var likevel 980 rd.

Lars Olsen Høglie hadde så Kirkerud av skyld 1 hud 2 skinn til i 1788, da han gav skjøte vidare til myndlingen Niels Olsen ved formyndar Ole Olsen Aalberg på grd. Kirkerud, skyld 1 hud 2 skinn, for kjøpesum 1000 rd.

Husmannsplassen Kirkerudstuen er omhandla i ei sak av 1789. Elling Seielstad i Gausdal fekk da sommaringet sin dom for at han hadde til gode 3 rd. av Jens Kirkerudstuen. – Ni år seinare gav i 1797 Niels Olsen skjøte til Ole Nordhove på 1 hud 2 skinn i grd. Kiercherud for kjøpesum 1599 rd.

Av 1799 er ei sak mellom husbonden Ole Olsen Kirkerud og husmannen Ole Olsen Flaakelien, og ei utskrift av saka framstiller ho slik:

”Flåkelien i Fåberg.

15. febr. 1799

Ole Olsen Kirkerud har innstevnt sin husmann Ole Olsen Flaakelien til pl. Flaakeliens fravikelse.

En del vidner ble avhørt. Saken opptas tildoms til neste månedsting.

Månedsting 28. mars 1799.

Dom: Ole Kirkerud søker sin husmann Ole Olsen til pl. Flaacheliens fravikelse og ryddiggjørelse på grunn av mislig oppfyldelse av innstevntes plikter efter forlik ved

forl.komm. 4/7 1797. Vidnerne har riktig nok forklaret at innstevnte ikke har satt opp det i forliket anførte gjerde, men da det ikke var anført nogen tidsfrist, kan dette ikke bevirke plassbrukets forbrydelse. Ang. at innstevnte kun har slått 13 istedenfor 16 målinger enge – da står det intet i forliket om plassens fravikelse i dette tilfelde. Ti kjennes for ret: Ole Olsen Flaakelien frifinnes for citantens søksmål. Dog reserveres citantens rett til godtgjørelse for 3 målinger slått. I omkostninger betaler Ole Flaachelien 3 rd. til Ole Kirkerud.”

I 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 5 familiar på ”Kirkerud”. Dei var:

1. familie: 1. Ole Olsen, husbonden, 35 år, 2. Thora Pedersdtr., kona hans, 29 år, 3. Mari Olsdtr., dotter deres, 4 år, 4. Anne Olsdtr., dotter deres, 2 år, 5. Ole Haagensen, tenestkar, 24 år, 6. Jon Rasmusen, tenestkar, 16 år, 7. Anne Pedersen, tenestkvinne, 24 år, 8. Anne Olsdtr., tenestkvinne, 19 år.
2. familie: 1. Ole Olsen, husmann med jord, 62 år, 2. Mari Thostensdtr., kona hans, 38 år, 3. Anne Olsdtr., dotter deres, 10 år, 4. Kari Olsdtr., dotter deres, 5 år.
3. familie: Ole Jensen, ”Inderste uden Jord, Skomager”, 36 år, 2. Mari Hansdtr., kona hans, 30 år, 3. Jens, son deres, 7 år, 4. Hans, son deres, 3 år, 5. Ole, son deres, 2 år.
4. familie: 1. Svend Henningsen, husmann med jord, soldat, 32 år, 2. Anne Olsdtr., kona hans, 35 år, 3. Berit, dotter deres, 2 år, 4. Tore Henningsen, tenestkar, bror til husbonden, 21 år.
5. familie: 1. Haagen Arnesen, ”Inderste uden Jord og gaaer i Dagleie”, 54 år, 2. Martha Syversdtr., kona hans, 56 år, 3. Sønnøv Haagensdtr., dotter deres, 14 år, 4. Johannes Olsen, dotterson til mannen, pleiebarn, 4 år, 5. Kjersti Olsdtr., tenestkvinne, 59 år.

Året 1809 var eit tungt sorgens år for familiane på Kirkerud. Husbonden Ole Olsen fall i krigen, og kort etter døde og den yngste dotter hans, Sidsel, som da var 4 ½ år. Ved avsluttande dødsbuskifte etter husbonden Ole Olsen er det opplyst at ”Kirkerud med Flaakelien i Faaberg” da vart taksert for 1200 rd., og at arvebuet utgjorde brutto 1571 rd., men netto 409 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Tore Pedersdtr. dei 4 borna som framleis var i live: 1. Mari, 2. Anne, 3. Ole, 4. Peder, som da var 2 år. – Enka Tora Pedersdtr. gifta seg i 1812 oppatt med Peder Johannesen Nordhove, og dei fekk i sitt ekteskap dottera Olea Pedersdtr. Kirkerud.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1818. Der er det om ”Kirkerud med Flokelien” oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 14 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 50 tønner. På Kirkerudmoen var det visstnok ikkje oppsittar i den tid. Men i 1821 er det fortalt at Ole Olsen Kirkerudmoen gav skjøte til Johannes Christensen Nystuen på ”gaardeplassen Kirkerudmoen med engelandet Flaakelien” for kjøpesum 200 spd. + føderåd til Mari Torstensdtr. Ved matrikulering i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Garden ”Kirkerud med Flokelien” fekk da som si nye matrikkelskyld: 6 skylddalar 1 ort 8 skilling, og eigar og brukar av garden var da Ole Olsen d.y. Samtidig vart Kirkerudmoen skyldsett særskilt for 1 ort 11 skilling, og oppsittar der var Johannes Christensen Kirkerudmoen.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om ”Kirkerud” oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 249 mål, og av dette var 74 mål jord av 1. klasse. Dessutan er dei tilsvarande tal på Kirkerudmoen oppgitt til 22 mål og 5 mål. Samtidig er det vidare oppgitt at husdyrhaldet på Kirkerud med plassar i den tid var 3 hestar, 22 storfe og 17 småfe og på Kirkerudmoen: 1 hest, 4 storfe og 7 småfe.

Flokeli Bruk er omhandla i fleire saker frå 1870-åra. Av 15. novbr. 1875 er såleis ei kontrakt mellom Ole Kirkerudmoen og ”Interessentskabet for et Sag og Møllebrug ved Flokelibroen

ang. Jord og Grund til Sidstnevnte mod en aarlig Afgift af 15 Daler". Av nokre år seinare er eit forlik mellom Peter Moen og Flokeli brugs interessentskab, "hvorved sidstnevnte forplikter sig til at istandbringe og vedligeholde saadanne indredninger, at Mjøsørretten kan gaa op forbi brugets dam, samt til at betale i erstatning for fiskespilde i aarene 1878-80 samt senere eventuelt kr. 86,- aarlig".

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards, og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. "Kirkerud m/Flaakelien av samla skyld 10, 26 mark fekk da gardsnr. 159, og det var da 2 bruksnr. under gardsnr. 159. Det var: 1. Grn. 159 brn. 1 Kirkerud av skyld 9,85 mark, som Ole Olsen framleis var eigar og brukar av, b. grn. 159, 2 Moen av skyld 0,61 mark som Ole Johannessen var eigar og brukar av.

Jordstykket "Kjerhullet" er omhandla i 1892. Ole Olsen Kirkerud overdrog da jordstykket "Kjerhullet m.v. for et tidsrum av 10 år mot årlig avgift kr. 50,00". Sju år seinare var det utskifting av "havneforholdene paa Stølen, Kinden m.fl. sætere", og i 1902 vart parsellen brn. 3 Lystad fråskilt garden og bortleigd til Peder og Borghild Tollersrud for årlig avgift kr. 50,- rekna frå 1910.

Da det vonleg kan vera av interesse tek vi her elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det fem personar med røysterett på og/eller ved Kirkerud. Dei var: 1. gardbr. Ole O. Kirkerud, 81 år, 2. husmor Sina Kirkerud, kona hans, 46 år, 3. tenestkar Ole Iversen, 33 år, 4. huseigar Peder Larsen Nyset v/Kirkerud, 87 år, 5. skomaker Kristian Axelsen v/Kirkerud, 38 år.

Dessutan budde da landhandlar Kristian P. Tollersrud på Lystad, og 3 personar budde på Kirkerudmoen, nemleg: 1. gardbr. Ole Kirkerudmoen, 72 år, 2. husmor Agnete Kirkerudmoen, kona hans, 67 år, 3. skreddar Anders Aurlien, 27 år.

To år seinare vart i 1909 parsellen brn. 4 Lysvang fråskilt grn. 159 brn. 2 og selt av Ole Kirkerudmoen med godkjenning av Johannes Glaamen til Anders Andreasen Aurlien, som i 1912 skjøta bruket til Hans Ludvigsen Kirkerud for kjøpesum kr. 1000,-.

Av nyaste tid er vidare at i 1934 skjøta så svigerfaren Johannes Kirkerudmoen grn. 159 brn. 2 Kirkerudmoen til svigersonen Asmund Stuksrud, og fire år seinare gav i 1938 Hans Kirkerud skjøte på grn. 159 brn. 1 Kirkerud til Thorleif Rustad.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 tre gardsbruk under gardsnr. 159: Dei var: a. Grn. 159 brn. 1 Kirkerud med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 130 mål (dekar), som Thorleif Rustad framleis var eigar og brukar av, b. grn. 159 brn. 2

Kirkerudmoen, med eit jordbruksareal på ca. 50 mål, som Asmund Stuksrud framleis var eigar og brukar av, c. grn. 159 brn. 5 Kirkerudsveen med eit jordbruksareal på ca. 20 mål (dekar), som Mathias Granum var brukar og eigar av.